



Helse- og
omsorgsdepartementet

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 8. april 2022

Beredskap for covid-19-pandemien



PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Fredag 8. april 2022 kl 08.30 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde som felles føretaksmøte for dei regionale helseføretaka og vart halde på video.

Dagsorden

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Beredskap for å handtere covid-19-pandemien framover

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Statssekretær Karl Kristian Bekeng (etter fullmakt frå statsråden)

Også tilstades:

Ekspedisisjonssjef Espen Aasen

Underdirektør Helga Daae

Seniorrådgjevar Mikkjel Hovden Aas

Frå styret i Helse Vest RHF møte

Styreleiar Agnes Landstad

Nestleiar Olin Johanne Henden

Anne Karin Hamre

Tord Anton Haaland

Wenche Kristin Røkenes

Marie Skontorp

Solfrid Borge

Gunnar Berge

Egil Olsen

Oddvar Kaarbøe

Frå administrasjonen i Helse Vest RHF møte

Administrerande direktør Inger Cathrine Bryne

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men deltok ikkje.

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Statssekretær Karl Kristian Bekeng ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkomen. Han las opp fullmakt frå statsråden og spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Statssekretær Karl Kristian Bekeng og styreleiar Agnes Landstad blei valde til å godkjenne protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Statssekretær Karl Kristian Bekeng spurde om det var merknader til dagsorden. Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Beredskap for å handtere covid-19-pandemien framover

Det vart vist til føretaksmøtet 7. desember 2021 der dei regionale helseføretaka vart bedne om å oppretthalde auka beredskap knytta til å handtere covid-19-pandemien ut april 2022.

[Regjeringens strategi og beredskapsplan for håndteringen av covid-19-pandemien](#) vart oppdatert 5. april 2022.

Eit utgangspunkt for vidare handtering av pandemien er at samfunnet skal tilbake til ein normalsituasjon, men at det skal følgjast tett med på utviklinga og reagerast raskt dersom det er behov for det. Den noverande trugselen frå pandemien i Noreg er liten. Dette skuldast at befolkninga i stor grad er beskytta mot alvorleg sjukdom som følgje av vaksinasjon, gjennomgått infeksjon eller begge deler, og at omikronvarianten av viruset som no dominerer gjennomgåande gir mindre alvorleg sjukdom. Erfaringar frå pandemien viser at det framleis er utryggleik om smitteutviklinga. Det er derfor framleis behov for beredskap for å møte ein situasjon med ein ny virusvariant, med andre eigenskapar når det gjeld sjukdomsalvor og spreingsevne. Regjeringa legg på denne bakgrunn til grunn at handteringa vert innretta som ein leve-med-strategi.

Føretaksmøtet viste til at dei regionale helseføretaka no har erfaringar med å handtere covid-19-pandemien, har planar for å skalere opp kapasiteten og dei har beredskapslager for smittevernustyr og legemiddel. Det vart også vist til at dei regionale helseføretaka har fått i oppdrag å greie ut vidare organisering av nasjonalt lager for smittevernustyr.

Frå mai vert det lagt til grunn at helseføretaka i størst mogleg grad skal drive som normalt. Det skal leggjast vekt på arbeidet med å ta att utsett behandling. Samstundes skal det vere beredskap for ei smittebølge gjennom hausten og vinteren. Dette gjeld særleg med tanke på analysekapasitet, fleksibilitet til å auke intensivkapasiteten og vaksinasjon av eigne tilsette. Føretaksmøtet viste til at det er gitt eit oppdrag om å vurdere behov for å auke

intensivkapasiteten og tiltak på kort og lang sikt med frist for statusrapport 15. juni. Når det gjeld kapasitet for PCR-analysar, skal denne inntil vidare tilsvare moglegheit til å analysere prøver av èin prosent av befolkninga per veke. Det skal finnast planar for raskt å kunne oppskalere analysekapasiteten, inkludert planar for omdisponering av personell.

Det vert ikkje lagt opp til ei generell finansiering av beredskap for vidare handtering av covid-19-pandemien for dei regionale helseføretaka. Dersom det oppstår ein situasjon med behov for å oppskalere beredskapen, eller omfattende innsats frå helseføretaka, vil behovet for økonomisk kompensasjon bli vurdert.

Føretaksmøtet vedtok:

- 1. Dei regionale helseføretaka skal leggje regjeringa sin oppdaterte strategi og beredskapsplan for vidare handtering av covid-19-pandemien til grunn.*
- 2. Kapasitet for PCR-analysar skal inntil vidare tilsvare moglegheit til å analysere prøver av èin prosent av befolkninga per veke.*

Møtet vart heva kl. 08:40.

Oslo, 8. april 2022

Karl Kristian Bekeng
statssekretær

Agnes Landstad
styreleiar

Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar